

Tru:Ø

Velkommen til Babysong



Kjelde: www.kyrkja.no

Velkommen!



Velkommen til ei hyggeleg stund for deg og babyen med song, rørsle og sosialt samvær på Salem Moster. Me møtest ca. annakvar måndag kl.11.00 og avsluttar med å eta lunsj. Song og musikk er viktig for babyen, og di stemme er den finaste babyen veit.

Bedehuset er ope kl. 10.30 – 13.00

Songstund kl.11.00 – 11.30

Me serverer lunsj og har kaffi, varm sjokolade og te.

Det vert babysong desse måndagane høsten 2019:

19. august

2. september 16. september

30. september

14. oktober

28. oktober

11. november

25. november



Kva er Babysong?

Babysong er ei songstund der me samlast i ring på golvet. Songstunda varer ca. 30 min, og den inneheld blant anna namnesong, kristne songar, rim og regler og dans. Me varierer mellom å sitja og liggja på golvet og å stå og dansa i ring.

Songstunda er eit godt høve for foreldre til å få kontakt med babyen, difor ynskjer me minst mogleg snakk mellom foreldre i denne stunda. Me brukar tida før og etter til prat.


Songstunda har eit fast program.



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjelydane på Bømlo





Meir om Tru:Ø Babysong

Kva vil me med babysong?

- Formidla eit positivt Gudsbilete
- Tilby eit kristent nettverkknypunkt mellom heim og kyrkje.
- Medverka til positiv kontakt mellom barn og vaksne ved å stimulera dei vaksne til å syngja med barna sine.
- Stimulera barnet si språklege, musikalske og motoriske utvikling.
- Utvikla barnet si oppfatning av rom og kropp.
- Formidla ein variert songskatt.
- Utvikla sosialt fellesskap for barna og dei vaksne.

Tilbodet er for alle babyar mellom 0 og 1 år.

Venleg helsing Moster kyrkjelyd

Bømlo Kyrkjelege Fellesråd

Leirdalen 1, 5430 BREMNES

Telefon: 53 42 32 95

Epost: marta.havn@bomlo.kommune.no

Kva er Tru:D?

Dåp og opplæring høyrer saman. Foreldre, fadarar og kyrkjelyd har eit felles ansvar for at barna skal få leva og veksa i trua. Difor har kyrkja tilbod om trusopplæring. Tru:D er for barn og unge i alderen 0 – 18 år.

Kvart år vil barna få invitasjon til eit Tru:D – arrangement. Tru:D har innhald og aktivitetar tilpassa den enkelte aldersgruppa.

Trusopplæringa er eit tilbod til alle, uavhengig av funksjonsevne. Me er avhengige av at foreldre tek kontakt slik at me kan avtala tilrettelegging der det trengs.

Velkommen til Tru:D med barna!